PLANINITIATIV

# Detaljregulering for Aldalen akvakulturområde, Bjørnafjorden kommune

## PlanID 20220300

OPPDRAGSGIVER

Bolaks AS

EMNE

Planinitiativ

DATO / REVISJON: 5. april 2022

DOKUMENTKODE: 10209976-03-PLAN-PBL-01

Multiconsult

**Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.**

Multiconsult

**PLANINITIATIV**

| | | | |
|---|---|---|---|
| OPPDRAG | **Reguleringsplan for oppdrettsanlegg Aldalen, Bjørnafjorden kommune** | DOKUMENTKODE | 10209976-03-PLAN-PLANIN-01 |
| EMNE | Planinitiativ | TILGJENGELIGHET | Open |
| OPPDRAGSGIVER | **Bolaks AS** | OPPDRAGSLEDER | Linda Djuvik Sønstabø |
| KONTAKTPERSON | Karina Antonsen Hjelle | UTARBEIDET AV | Linda Djuvik Sønstabø |
| | | ANSVARLIG ENHET | Multiconsult Norge AS avd. Stord |
| | | | |

## INNHALDSLISTE

**1 Tinging av oppstartsmøte ..... 4**
**2 Generell informasjon ..... 5**
**3 Føremålet med planarbeidet-ref. forskrifta § 1a ..... 6**
**4 Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet-ref.forskrifta § 1b ..... 6**
**5 Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak-ref. forskrifta § 1c ..... 13**
**6 Utbyggingsvolum og byggjehøgder-ref. forskrifta § 1d ..... 13**
**7 Funksjonell og miljømessig kvalitet-ref. forskrifta § 1e ..... 14**
**8 Tiltaket si verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader-ref. forskrifta §1f ..... 14**
**9 Tilhøve til kommuneplan, ev. gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningsliner og pågåande planarbeid-ref. forskrifta § 1g ..... 14**
**10 Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet-ref. forskrifta § 1h ..... 16**
**11 Samfunnstryggleik og ROS-ref. forskrifta § 1 i ..... 16**
**12 Prosess for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre-ref. forskrifta § 1j og § 1k 16**
**13 Forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing-ref. forskrifta § 1l ..... 17**
13.1 Vurdering av planar og tiltak jf. Vedlegg I ..... 17
13.2 Vurdering av planar og tiltak jf. vedlegg II ..... 17
**14 Avslutning ..... 19**

# 1 Tinging av oppstartsmøte

| | | |
|---|---|---|
| Stadnamn og GNR/BNR: | Aldalen i Lønningdal, i sjø utanfor gnr. 80, bnr. 2. | |
| Plantype: | ☒ Detaljreguleringsplan<br>☐ Endring av reguleringsplan for: | |
| Planlagd føremål: | Flytting og utviding av eksisterande oppdrettsanlegg samt utvide regulert område for akvakultur i sjø. | |
| Særleg aktuelle tema for diskusjon: | Spørsmål om krav til KU, arealføremål i sjø kommuneplan (Fusa 1241201601). | |
| Framlegg til plannamn: | Detaljregulering for Aldalen akvakulturområde planID 20220300 | |
| Forslagsstillar<br><br>(skal alltid møte) | Namn/firma, organisasjons-nummer | Bolaks AS<br>930 391 328 |
| | Telefon /e-post | Karina Antonsen Hjelle<br>karina@bolaks.no |
| Konsulent<br><br>(skal alltid møte) | Namn/firma, organisasjons-nummer | Linda Djuvik Sønstabø<br>Multiconsult Norge AS<br>Org.nr 918 836 519 |
| | Telefon /e-post | 911 26977 / lindadjuvik.sonstabo@multiconsult.no |
| | Referanse-prosjekt? | |
| Evt. andre som stiller på møtet (namn/funksjon) | Håkon Reinskau Knudsen, arealplanleggjar Multiconsult<br>Ev. Tom Rydland Multiconsult | |

# 2 Generell informasjon

På vegne av Bolaks AS vert det fremja eit planinitiativ i forbindelse med ynskje om oppstart av detaljreguleringsplan for flytting og utviding av eksisterande oppdrettsanlegg, samt utvide regulert område for akvakultur i Aldalen.
Anlegget er tenkt plassert der dagens anlegg ligg, utanfor gnr. 80, bnr. 2.
Lokalisering av området kjem fram av Figur 2-1. Området ligg i Aldalen i Hovdasundet i Bjørnafjorden kommune.
Anlegget er ønska flytta for å unngå konflikt med traseen til framtidig straumkabel frå Samnanger til Noa-Krafla-feltet i Nordsjøen.

Bolaks AS har sendt inn innspel (nr. 3.23.4) til ny kommunedelplan (KPDA) for Bjørnafjorden Vest med ynskje om utviding av arealføremål akvakultur i sjø inkludert fortøying i Aldalen.
Innspelet vart tilrådd då det ikkje er vesentlege negative konsekvensar / konfliktpotensial i området, og det er lagt inn omsynssone for akvakultur rundt anlegget (H190 Rødskjæra).

Bjørnafjorden kommune handsama denne planen i kommunestyret dato 20.01.2022.
KPDA ventar på meklingsmøte og avklaringar med Statsforvaltaren i Vestland.
Planinitiativet er utarbeidd på bakgrunn av KPDA vedteken 20.01.22.

Planinitiativet er utarbeidd med bakgrunn i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova av 08.12.2017.

*Figur 2-1 Lokalisering av planområdet. (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022)*

# 3 Føremålet med planarbeidet-ref. forskrifta § 1a

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan for området som heimlar flytting og utviding av eksisterande oppdrettsanlegg i sjø samt utvide område regulert for akvakultur.

Bakgrunnen for denne reguleringsplanen kjem som følgje av at Aker BP og Equinor har planar om tilknyting for kraft frå land til Noa-Krafla feltet i Nordsjøen. Samnanger transformatorstasjon i Børdalen er naturleg tilknytingspunkt. Herifrå skal kabelen gå i luftleidning til Ospeviki på Tysse. Frå Tysse skal kabelen gå i sjø fram til Fitjar, og vidare ut i Nordsjøen.

Forslagsstillar er Bolaks AS.
Bolaks er eit lokalt familieeigd oppdrettsselskap som ligg i Bjørnafjorden. Selskapet vart starta i 1975 og har i dag ca. 100 fast tilsette. Bolaks omset årleg for 700-800 mill. Selskapet driv integrert produksjon av atlantisk laks og har 10 oppdrettskonsesjonar, to stamfiskkonsesjonar og eit landanlegg med rognproduksjon. Basert på dagens konsesjonar er målet til Bolaks å produsere 12 000 tonn slaktefisk kvart år.

Bolaks har i dag eit eksisterande anlegg i Aldalen. Dagens anlegg er av gamal standard og vert vurdert som eit utdatert anlegg i høve til dei ynskjer Bolaks har for framtidas tilrettelegging mot auka berekraft i næringa og i Bjørnafjorden.

Dagens anlegg er fortøya med anker og boltar iht. Nytek-forskrifta. Desse ankera må flyttast og endrast geografisk når kabel frå Samnanger til Noa-Krafla feltet i Nordsjøen kjem for å unngå konflikt i samband med etablering av straumkabelen.

# 4 Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet-ref.forskrifta § 1b

Planområdet omfattar eksisterande verksemd med oppdrettsanlegg i sjø i Aldalen, nedom Rødsliane. Oppdrettsanlegget har konsesjon for oppdrett av matfisk og stamfisk.
Innseglinga til Samnangerfjorden går forbi anlegget og hovudleia går midt i fjorden. Ferja mellom Hatvik og Venjaneset går sørom anlegget ca. 4,5 km. I bakkant av oppdrettsanlegget (sett frå aust) ligg Aldalen og FV 579 Hegglansdalsvegen som går mot Os. Like nordom anlegget (om lag 1,5 km) ligg Lønningdal der det er lokalisert verksemder som driv med landbasert akvakultur. Mot aust ligg Bogøya og Bogavikane.

Figur 4-1 til figur 4-4 viser forslag til planavgrensing for planen. Det vert varsla eit relativt stort område på 3869,6 daa. Planområdet vil verta avgrensa til faktisk behov gjennom planprosessen. Tiltaket vil ikkje krevja tomteareal på land då anlegget vert forankra under vassyta. Planavgrensinga slik den er føreslått omfattar område i sjø utanfor gnr. 80, bnr. 2.

Planområdet vil i vest omfatta areal på nedsida av Fv .579 for å inkludera omsynssonar for skred og flaum frå områda rundt Kråkefjellet og Vollane. Elles vert planområdet avgrensa til strandsona langs Samnangerfjorden/Bjørnafjorden. Med denne avgrensinga vil planområdet har eit influensområde over kartlagde friluftslivsområder, LNFR-områdar, funksjonell strandsone, områdar under marin grense og kulturminne.

Lokalitet nr 12067 Aldalen er godkjent for ein MTB på 1.560 tonn. Det er føreteke miljøundersøkingar MOM-B og MOM-C for lokaliteten i 2020 (Åkerblå AS, 2020). MOM-B undersøker nærområdet til anlegget,

og MOM-C ser på verknaden i overgangssona lenger vekk frå anlegget. Undersøkingane gjev samla eit resultat der MOM-B er klassifisert frå meget god til meget dårleg lokalitetsstand (1-4) og MOM-C er klassifisert frå svært god til svært dårleg miljøtilstand (1-5).

Rapportane konkluderer med at oppdrettslokaliteten samla har fått lokalitetstilstand 1 (meget god, MOM-B) og 2 (god, MOM-C).




*Figur 4-1 Forslag til planavgrensing med grunnkart i bakgrunnen. (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022) utarbeidd av Multiconsult.*

Planinitiativ 4 Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet-ref.forskrifta § 1b



*Figur 4-2 Forslag til planavgrensing med ortofoto i bakgrunnen. (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022) Utarbeidd av Multiconsult*




*Figur 4-3 Lokalisering av planområdet med kommunedelplan for Bjørnafjorden vest i bakgrunnen (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022) Utarbeidd av (Multiconsult, 2022).*

*Figur 4-4 Planområdet ligg lokalisert i Aldalen. (Kartverket, Geovekst, kommuner, Geodata AS, 2022) Utarbeidd av Multiconsult AS.*

## Verknad av planen

Planen legg opp til ei utviding og flytting av eksisterande oppdrettsanlegg, samt utvide regulert område for akvakultur. Det vert ikkje lagt opp til auka produksjon i denne omlegginga. Varetransporten til og frå området føregår med båt.

Det er ingen konfliktar med farleia i dag, og båt-trafikken til/frå området er låg. Planlagt plassering av anlegget vil kome noko lenger ut i fjorden enn i dag.

| **Naturvern/naturmangfald:** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Råkar planen eksisterande eller føreslått verneområde eller deira nærområde (jf. forskr. § 1- b, f og h) | Nei | Er registrert skarv og ærfugl i området. På land i nærleiken er det funn av raspljåmose og fossegrimemose. Skal ikkje gjerast tiltak på land og får difor ikkje påverknad på desse. |
| Biologisk mangfald i sjø | | Sjøområda er undersøkt for marine verdiar gjennom MOM-B og MOM-C undersøking i 2020. Konsekvensar for utviding vurderast vidare i ROS-analyse |
| Råkar planen villreinens leveområde eller influensområde (jf. forskr. § 1- b, f og h) | Nei | |

| | | |
|---|---|---|
| Råkar planen naturtypar registrert som *Svært viktig* (A)eller *Viktig (B)* i Naturbase (jf. forskr. § 1- f og h) | Nei | Er registrert svært viktig bekkekløft og bergvegg på land, Bjørndalen nedre. Sør for Hestasteinen er det registrert ein viktig hol Eik. Skal ikkje gjerast tiltak på land og får difor ikkje påverknad på desse. Forutset elles at naturmangfald er utgreia som del av gjeldande rapportar i allereie godkjende løyver, og i kommuneplan. |
| Råkar planen artar som er trua eller sårbare jf. Norsk raudliste for arter (jf. forskr. § 1- f og h) | Nei | Forutset at naturmangfald er utgreia som del av gjeldande rapportar i allereie godkjende løyver, og i kommuneplan. |
| Medfører planen inngrep i verna vassdrag (jf. forskr. § 1- h)? | Nei | |
| Medfører planen inngrep i byggeforbudssone langs vassdrag (jf. forskr. § 1- h) | Nei | |

| **Landbruk/kulturlandskap:** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Medfører planen nedbygging/omdisponering av dyrka jord eller dyrkbar jord (jf. forskr. § 1- h)? I tilfelle – oppgje talet dekar. | Nei | |
| Medfører planen nedbygging av andre landbruksareal (t.d. beite, skog) (jf. forskr. § 1 h)? I tilfelle – oppgje talet dekar. | Nei | |
| Medfører planen utbygging innanfor nasjonalt verdifullt kulturlandskap/viktig kulturlandskap (jf. forskr. § 1- b, f og | Nei | Er registrert areal med geologisk arv på Hovdaneset (austom planområdet og Moldvika (. Først om fremst verdi for undervisning og er ikkje freda. Skal ikkje gjerast tiltak på land og får difor ikkje påverknad på desse. |
| Medfører planen utbygging i seterområder eller isnaufjellet (jf. forskr. § 1- b, f og h)? | Nei | |
| Medfører planen utbygging i kulturmiljø (jf. forskr, § 1- b, f? | Nei | På Rødsteinen ligg det eit registrert kulturminne frå ein ruin etter våningshus frå 1800-tallet. Det skal ikkje gjerast tiltak på land og vil difor ikkje påverka kulturminne |

| **Friluftsliv** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Råkar planen sikra friluftsområde eller andre friluftsområde av nasjonal eller regional verdi (jf. forskr. §1- b og h)? | Nei | Det er registrert 3 friluftslivsområder nord, aust og sør for anlegget. Dei ligg alle innanfor plangrensa. Områda er Gråfjellet-Strandafjellet-Rolvsvåg (verdig: registrert), Nedre Boga-Bogavikane (verdi registrert) og Bøe-Rød (verdi: viktig). Vidare er det registrert 2 friluftslivsområdar rundt Rødsfjellet.Skal ikkje gjerast tiltak på land og får difor ikkje påverknad på desse. |

| | | |
|---|---|---|
| | | I planforslaget vert det gjennomført strandsonevurdering for området. |
| Råkar planen friluftsområde/grønstruktur av betydning for nærmiljø eller nær barnehage/skule (jf.forskr. § 1- b og h)? | Nei | |
| Medfører planen redusert adkomt til vassdrag eller redusert framkome (jf. forskr. § 1- b og h)? | Nei | |

| **Barn- og unges interesser:** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Medfører planen omdisponering av område regulert til friområde/leikeplass/fellesområde (jf. forskr. § 1- h)? | Nei | |
| Medfører planen omdisponering av uregulerte område somer eigna for eller vert brukt til leik/friluftsliv (jf. forskr. § 1- h)? | Nei | |

| **Støy:** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Vil planområdet vere utsett for støy frå vegtrafikk, skytebaner, industri el. (jf. forskr. § 1- e)? | Nei | |
| Inneber planforslaget etablering av støyande verksemd (jf. forskr. § 1- b, f og h)? | Nei | Ingen endring i dagens situasjon |

| **Forureininng:** | **Ja/Nei** | **Merknad:** |
|---|---|---|
| Råkar planforslaget område med forureina grunn (jf. forskr. § 1- e)? | Nei | Dette er tiltak i sjø men ein forutset at dette er utgreia i høve til godkjent utsleppsløyve i området. |
| Inneber planforslaget ny forureinande verksemd (jf. forskr. § 1- b, f og h)? | Nei | Framtidig drift skjer innanfor dagens løyve |
| Vil planforslaget råka område for drikkevassforsyning og nedslagsfelt for denne (jf. forskr. § 1- b, f og h)? | Nei | |

| **Samfunnssikkerhet og beredskap** | Ja/Nei | Merknad: |
|---|---|---|
| Vil planen medføre utbygging i område utsett for ras ogskred (jf. forskr. § 1- i)? | Nei | Vestleg randsone av området ligg i aktsemdsona for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang. Deler av planområdet på land ligg under marin grense.<br>Skal ikkje gjerast tiltak på land, men skredfare skal utgreiast i høve til ankerfester og anlegget i sjø.<br>Vert vurdert i ROS analyse. |
| Vil planen medføre utbygging i område utsatt for flom/ flomskader eller avrenning av overvatn (jf. forskr. § 1-i)? | Nei | |
| Vil planforslaget kunne medføre auka fare for ras og skred eller utgliding av masse (jf. forskr. § 1- i)? | Nei | |

| | | |
|---|---|---|
| Vil planforslaget kunne medføre auka flomfare/skade av avrenning av overvatn (jf. forskr. § 1- i)? | Nei | |
| Korleis skal samfunnssikkerheit ivaretakast i planen, bl.a.gjennom å førebyggje risiko og sårbarheit (jf. forskr. § 1i)? | Ja | Vert ivareteke i ROS analyse |

Det er ikkje avdekka at det finst kjente kulturminne i området, verken på land eller i sjø.

# 5 Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak-ref. forskrifta § 1c

Planen regulerer areal for akvakulturanlegg med utgangspunkt i eksisterande oppdrettsanlegg i sjø. I tillegg legg ein til rette for oppankring av anlegget. Oppankring vert gjort med fortøyingsliner og innfesting i sjøbotn etter godkjent fortøyingsanalyse for det aktuelle anlegget.

Noverande anlegg på lokaliteten har rammefortøying med 8 plastringar 2 rekker. Fôringsflåte er forankra separat med fôringsslangar og diverse kablar tilknytt anlegget. Arealbruken til dette anlegget er omlag 27 dekar inklusive flåte og oppdriftsbøyar.

Bolaks ynskjer å flytte/snu anlegget med ei orientering på ca. 170 grader frå nord, og utvide anlegget til 10 merder på to rekkjer (2 x 5 system) i rammefortøying med 100 x 100 meter ramme. Midtpunktet til anlegget vil ligge 170 meter lenger nord enn midtpunktet i noverande anlegg. Ny plassering og nytt anlegg gjer at fortøyingsarrangementet og vert endra. Arealbruken til dette anlegget er omlag 110 dekar inklusive fôringsflåte. Sjå Figur 5-1.




*Figur 5-1 Plassering av anlegget. (Bolaks, 2022)*

# 6 Utbyggingsvolum og byggjehøgder-ref. forskrifta § 1d

Foringsflåten som er integrert i anlegget er relativt låg og volumet er under 10 daa.

Som ein del av varslingsmaterialet vil det verta utarbeidd ein foreløpig situasjonsplan og enkle 3D illustrasjonar.

# 7 Funksjonell og miljømessig kvalitet-ref. forskrifta § 1e

Anlegget vil verta planlagd og bygd iht. gjeldande lover og forskrifter. Området har tilkomst via FV 579 Bogstrandvegen (frå Samnanger) og Hegglandsdalsvegen (frå Os). Det skal ikkje gjerast tiltak på denne vegen. Naudsynte tiltak i høve flaumfare og sikkerheitssoner knytt til ras-og skredfare skal vurderast og ev. fastsetjast. Flaum-, ras- og skredfare vert vurdert i forhold til anlegget og ankerfeste med eventuelle oppdaterte faresoner. Elles vil gjeldande faresoner frå revidert kommuneplan vidareførast i plankartet. Deler av planområdet ligg under marin grense. Ettersom det ikkje skal vere utbygging på land vil det ikkje gjerast ein vurdering av grunnforhold.

Tiltaket skal utformast med tanke på framtida si tilrettelegging mot auka berekraft i næringa.

# 8 Tiltaket si verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader-ref. forskrifta §1f

Oppdrettsanlegget vert som i dag, flytande, og tenkt plassert på omtrent same stad som eksisterande oppdrettsanlegg. Anlegget vert plassert i nær tilknyting til eksisterande oppdrettsverksemd i Lønningdal.

Sidan eksisterande anlegg skal utvidast og får endra plassering skal det gjerast ei vurdering på om anlegget kan råke det biologiske mangfaldet i sjø. Det skal og vurderast konsekvensar oppankring i botnen kan ha for det biologiske mangfaldet.
Det er gjennomført straumanalyse (Multiconsult, 2022) for området og fortøyningsanalyse (Synfaring AS, 2022). Det er føreteke miljøundersøkingar MOM-B og MOM-C for lokaliteten i 2020 (Åkerblå AS, 2020).

Eksisterande tilkomst, vassforsyning og avlaupsanlegg vert vidareført.
Det skal ikkje søkjast om å auka produksjon og ein ser det difor ikkje som naudsynt å søkja om endring/utviding av eksisterande utsleppsløyve.
Avfallet i form av død fisk vert samla opp, kverna og ensilert for så å bli levert godkjend mottakar. Anna avfall vert levert godkjend mottakar.
Det er krav til overvaking av skadedyr i og rundt anlegget. Per dato er det ikkje registrert problem med skadedyr.
Det er jamn kontroll av nøter, installasjonar og fortøyingar for å hindre røming av fisk frå merdane.

# 9 Tilhøve til kommuneplan, ev. gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningsliner og pågåande planarbeid-ref. forskrifta § 1g

Planområdet er i kommuneplanens arealdel (Os 2012-2023) avsett til noverande akvakulturområde, og vassareal for allmenn fleirbruk i sjø. På land er området avsett til noverande LNF-område.

Bjørnafjorden kommune vedtok 20.01.2022 kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest (tidlegare Os kommune) 2021-2033. Sjå Figur 9-2. I KPDA er området avsett til noverande akvakultur, noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og framtidig akvakultur. Det er lagt inn sikringssone for akvakultur H190 (Rødskjæra) i denne planen. På land ligg det omsynssone for ras- og skredfare (H310) i Rødsliane. Omsynssona for ras- og skredfare strekkjer seg litt ut i noverande føremål akvakultur.

Festepunkt for oppankring på austsida, og søraust vil strekkja seg inn i kommunedelplan akvakultur 2018-2027 (tidlegare Fusa). Område i sjø er i denne planen avsett til noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Kommuneplanen fastset ingen eigne særskilte krav/rammer for området, utanom at kommunen sine generelle krav til arealbruk for akvakultur vil gjelda.

Det aktuelle området ligg i område avsett til noverande og framtidig akvakultur i KPA. Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiing i høve til følgjande:
§ 8 *Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.* Sjå Figur 9-1.




*Figur 9-1 Utsnitt frå KPA. Planområdet er vist med raud omraming. (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022)*

**Gjeldande tilgrensande reguleringsplanar i området:**
Det er ingen gjeldande tilgrensande planar til området.

**Pågåande reguleringsplanar i området:**
Revisjon 2022 kommuneplan
Kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest (tidlegare Os kommune) 2021-2033 vart vedteken i kommunestyret 20.01.2022.




*Figur 9-2 Utsnitt frå KDPA 2021-2033. (Kommunekart Bjørnafjorden kommune, 2022).*

# 10 Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet-ref. forskrifta § 1h

Planlagd bruk høyrer til under akvakultur som er i tråd med overordna plan. Eit oppdrettsanlegg av planlagd størrelse krev oppankring. Oppankring skal skje slik fortøyingsanalyse tilseier. Konsekvensar for oppankringa for ev. råka partar og naboar vert avklara som del av planprosessen. Vidare vert ein sentral del av planarbeidet å avklare farlei og tilkomst til området.

Tiltaket er sjekka opp mot tilgjengelege kartdatabaser og kommuneplan. Utover det som skal omtalast i planskildringa vert det vurdert at tiltaket må utgreiast særskilt i høve:

- Naturmangfald sjø og land
- Skred (snø, jord – og flaumskred)
- Steinsprang
- Havnivåstigning
- Ekstremvær/bølgjer
- Stormflo
- ROS inkludert røming av fisk

# 11 Samfunnstryggleik og ROS-ref. forskrifta § 1 i

Til planarbeidet vil det verta utarbeidd ROS-analyse. Som del av den vil forureining, avfallsproduksjon, utslepp, ras og flaum, og andre relevante tema knytt til anlegget verta vurdert.

# 12 Prosess for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre-ref. forskrifta § 1j og § 1k

På oppstartsmøtet er det ynskjeleg at Bjørnafjorden kommune kallar inn deltakarar dei meinar bør delta frå kommunen slik at naudsynt informasjon kan utvekslast og naudsynte avklaringar takast.

Det vil verta lagt til rette for medverknad i høve til kravet i plan- og bygningslova. Dette omfattar varsling til råka offentlege organ, naboar og ev. interesseorganisasjonar/foreningar og lag i samråd med planmynde. Når planavgrensing er avklara vert det bedt om at kommunen sender over adresseliste for grunneigarar, offentlege høyringspartar og andre råka partar som skal motta varsel om oppstart.

Det vert vurdert til å ikkje vera naudsynt å halde ope folkemøte/informasjonsmøte i høve varsel om oppstart. Det kan vidare gjennomførast møter med råka grunneigarar/naboar ved behov. Behov for ytterlegare medverknad vil verta nærare vurdert etter at innspel til planoppstart/planprogram er gjennomgått og handsama.

# 13 Forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing-ref. forskrifta § 1l

Plan- og bygningsloven § 4-2 (2) slår fast at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Forskrift om konsekvensutgreiing gjev føring for kva planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Etter forskrifta § 8 skal det utarbeidast konsekvensutgreiing for alle reguleringsplanar som inneheld tiltak i forskrifta sitt vedlegg II dersom dei kan få vesentlege verknader etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding.

Unntak frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.

Det vert slått fast at unntaksbestemmelse ikkje kjem til anvending i dette høvet fordi utviding av akvakulturområde ikkje er utgreia i kommuneplanen sin arealdel, og det føreligg ikkje reguleringsplan for dette området.

Akvakultur er omfatta av vedlegg II (tiltak som skal vurderast nærare) punkt 1 bokstav f.

Det konkluderast med at tiltaket fell inn under vedlegg II pkt. 1 f, og at planen skal konsekvensutgreiast med heimel i forskrifta § 8.

## 13.1 Vurdering av planar og tiltak jf. Vedlegg I

Etter gjennomgang av vedlegg I (*tiltak etter annet lovverk som alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutredning)* er det ikkje behov for å vurdere tiltaket vidare her då anlegget ikkje er omfatta av vedlegg I.

## 13.2 Vurdering av planar og tiltak jf. vedlegg II

Etter gjennomgang av vedlegg II er det vurdert at tiltaket vert omfatta av vedlegg II *tiltak etter annet lovverk som skal vurderast nærare* pkt. 1 f) *Akvakultur.*

Tiltaket er vurdert slik at det er behov for konsekvensutgreiing då arealbruken ikkje er heilt i samsvar med gjeldande kommuneplan, og tiltaket ikkje er konsekvensutgreia i kommuneplan.

Bakgrunn for vurderinga:
Når det gjeld forskrift om KU § 8, § 9 og § 10 og vedlegg II punkt 1, bokstav f

Etter forskrifta § 9 har me som forslagsstillar ansvar, på sjølvstendig grunnlag gjera ein foreløpig vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn etter § 10. Basert på kjent kunnskap skal det gjevast ei kortfatta beskriving av:

*a. planen eller tiltaket, tiltakets fysiske egenskaper og lokalisering og eventuelle rivningsarbeider*
*b. miljøverdier som antas å bli vesentlig berørt og som krever særskilte hensyn*
*c. planens eller tiltakets forventede vesentlige virkninger som følge av reststoffer, utslipp og produksjon av avfall*
*d. forventede vesentlige virkninger som kan følge av bruken av naturressurser.*

Litt om plassering av lokaliteten.

Den godkjente lokaliteten som i dag ligg i Aldalen, ligg innanfor område som i kommuneplanen sin arealdel for Bjørnafjorden er avsett til noverande og framtidig akvakultur. Forankring til lokaliteten vil strekkja seg inn i kommunedelplan for akvakultur i tidlegare Fusa kommune, føremålet i denne planen er bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Geografisk ligg lokaliteten i utløpet av Samnangerfjorden i Bjørnafjorden kommune, 150-200 meter aust for land (Rødsliane).

Djupna under anlegget varierer frå ca. 80 meter til ca. 370 meter. Botn i lokalitetsområdet skrånar relativt bratt ned mot aust og nord til over 300 meters djupne 200-300 meter frå land, og vidare til over 400 meters djupne ca. 200 meter nord for lokaliteten. Botnsediment under anlegget består i hovudsak av sand med innslag av silt og skjelsand. Det er også ein del fjellbotn under anlegget.

Kulturminne og kulturmiljø.
Lokaliteten ligg i eit geografisk område der det ikkje er registrert kulturminne verken på land eller i sjø.

Biologisk mangfald /naturtilhøve
Lokaliteten ligg innanfor geografisk område som det frå kommunen si side ikkje er kartlagt i høve biologisk mangfald.
Det søkte tiltaket vil ikkje redusere moglegheita for å gjennomføra ei slik undersøking i framtida.
Biologisk mangfald eller naturtilhøve på land vil ikkje endrast då det omsøkte tiltaket ikkje vil medføre nokon form for infrastruktur på land i området. Når det gjeld i sjø skal biologisk mangfald vurderast opp mot ankerfesta og utviding av anlegget.

Det biologiske mangfaldet på sjøbotnen som gjeld det omsøkte tiltaket er kartlagt av ein miljøundersøkelse (MOM B og MOM C) i 2020. (Åkerblå AS, 2020).

Utslepp til området / resipient (sjø)
Påverknadsgrad av utslepp til området/resipient, sjø og luft frå det omsøkte tiltaket i høve til dagens utslepp frå lokalitet til sjø og luft vert ikkje endra i særleg grad. Lokaliteten er godkjent for ein MTB på 1.560 tonn, og den vert ikkje omsøkt endra. Ved å auke arealet men samstundes ikkje auke produksjonen vil partiklar og næringssalt frå anlegget bli redusert pr arealeining, noko som er positivt med tanke på opptak og omdanning.

Miljøundersøking vil verta gjennomført slik ein er pålagd i lov og forskrift når produksjon på lokaliteten krev dette.

Avfall
Alt avfall som vert produsert på flåten vert transportert til lokaliteten sin landbase (vanleg hushaldningsavfall). Når det gjeld tau, fôrslangar og nøter som vert teke opp på lokaliteten vert dette frakta direkte til godkjent mottakar. Også farleg avfall vert transportert til godkjend mottakar.

Utslepp til luft (klimagassar)
Utslepp av klimagassar til luft vil ikkje vera eit problem då anlegget er forsynt med landstraum.

Støy vil vere uforandra.

Ferdsel / friluftsliv og fritidsfiske
Moglegheit for fritidsfiske/ferdsel og friluftsliv i området vil verte lite påverka av tiltaket då det området kor lokaliteten ligg er ca. 100 meter frå land, og strandsona i dette området ligg i bratt og i ulendt terreng. Ferdsel i strandsona vert ikkje hindra av tiltaket då det ikkje vil medføra inngrep på land.

Busetting og befolkning
Me kan ikkje sjå at denne plasseringa som lokaliteten har i dag vil gje noko negativ verknad på busetting i området då nærast busetting ligg over 1 km frå lokaliteten.

Tiltaket vil sikra dei arbeidsplassane ein har i Bjørnafjorden kommune i dag, og gje ringverknader for andre næringsdrivande i same område.

Akvakultur fell inn under vedlegg II (tiltak som skal vurderast nærare) bokstav f). Vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i godkjende løyver på eksisterande lokalitet.

Det konkluderast med at tiltaket fell inn under vedlegg II pkt. 1 f, og at planen skal konsekvensutgreiast med heimel i forskrifta § 8.

# 14 Avslutning

Me håpar at planinitiativet gjev ei tilstrekkeleg klargjering av tiltaket og bakgrunn for vidare planarbeid, og bed med dette om eit oppstartsmøte i saka. Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål eller behov for ytterlegare informasjon.

Med venleg helsing

Multiconsult Norge AS

Linda Djuvik Sønstabø